

Kopier: Kåstøy kommune 04-April-2018

Arkoconsult A/S

Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSSEN

Turløype Manger sentrum – klage på omsøkt anlegg

Skriv m/vedlegg frå Arkokonsult dagsett 15.0318, motteke rek. 21.0318.

Det er med undring vi 2. gongen får tilsendt nabovarsel for opparbeiding av turløype i Manger sentrum. Første gongen var i februar 2017, og vi bad då skriftleg om tilbakemelding før tiltak vart sette i verk, med tanke på evt juridisk bistand, då vi kjende oss overkjørte.

I det året som har gått, har vi ikkje høyrte eit «knyst» frå kommunen eller Arkoconsult.

Legg ved kopi av vår uttale av 22.02.17, som er like aktuell i dag. Denne gongen bed vi om skriftleg tilbakemelding.

5936 MANGER 22.03.18

Med helsing

Gunnar Jordal

Arkoconsult As

v/ Tom Andre Sivertsen

5291 VALESTRANDFOSSEN

Gjenpart Radøy kommune, Teknisk/Plan landbrukskontor, 5936 MANGER

TURLØYPE MANGER SENTRUM – KLAGE PÅ OMSØKT ANLEGG.

Vi har i dag fått tilsendt nabovarsel frå Arkoconsult As om anlegging turløype etappe 2 i Manger sentrum, og vi har nokre merknader.

Først litt historikk for å forklara bakgrunnen:

Underteikna vart utnemnt som distriktslege i Radøy i 1965 og var då ein tur hit og såg på tilhøva. Kommunen hadde då vedteke å byggja ny bustad for legen og vi var og såg på tomten, som då var på det næraste klarlagt. Vi ynskte plassering meir oppmot høgdedraget i nordvest for å få meir utsyn, men dette vart avslått av omsyn til friarealet som kommunen ynskte å verna. Kanskje meir viktig dengong enn i dag?

No kjøpte vi eigedomen av kommunen 1974. Ein av grunnane var at den låg så skjerma og usjenert i høve til senterområdet og trafikkstøy m.v.

Inngrep i friområde/nærføring til vår bustad:

Friområdet er fastlagt i gjeldande reguleringsplan utan nokon turveg. Friområdet er ein viktig buffer mellom bustaden og senterområdet og er ikkje meir omfattande enn det må vera. Vegetasjonen er ein viktig del av denne bufferen m.a. er det 2 aktverdige og freda eiketre. Anleggsplanen viser to turveggar og det vil ikkje vera mykje att av vegetasjonen og det er fare for skade på verna tre ved anlegg av veg og ved ferdsel i nærleiken. Etter planen vi har fått tilsendt, ser vi at huset vårt vert omkransa av turveg på 3 kantar, og topografien er slik at vegen vert liggjande stort sett høgare i terrenget enn huset gjer. Dette kjennest ganske nærgående for oss med omsyn til innsyn og utsikt. Eit anna moment er at evt veglys ved traseen vil forsterka irritasjonsmomentet for dei som blir buande her vi er no. Også sjølve trafikken av tobeinte og firbeinte fører erfaringsmessig med seg ein del ulemper for nærområdet.

Etter vårt syn er inngrepet så omfattande både for det regulerte friområdet og vår bustad at tiltaket etter vårt syn krev endring og vurdering av reguleringsplanen for området der alle syn kan verta vurdert.

I det heile er etableringa av turveg ved og kring denne bustaden etter vårt syn så omfattande og nærsagt omklamrande at vi vurderer å søkja juridisk bistand med tanke på evt framtidig reduksjon i omsetningsverdi, og tek atterhald om dette.

Ber om tilbakemelding før eventuelt tiltak vert sett i gang.

Helsing

5936 Manger 22.02.17

Gunnar Jordal

Gunnar Jordal

Gjenpart: Radøy kommune Teknisk/Plan landbrukskontor, 5936 Manger